



Hugsar du frå TV-barndommen at Gaus, Roms og Brumund Dal var ute på ekspedisjon på Overfloden med båten Elvegris? I dag har det funne stad noko liknande langs nedre delen av Uskedalselva etter at Hege Lekva Myklebust fann på det.

Elvepadling i plastjollar er introdusert som ein ny sport i bygda! Litt for lite vatn var det, men det gjekk bra med unntak av eit ufarleg havari der botnen forsvann frå båten.

Deltakarar i ekspedisjonen var Emma Clementsen, Harald Myklebust, Tørres Myklebust, William Hjørnevåg, Ella Hjørnevåg og ekspedisjonsleiar Hege Lekva Myklebust (mor) og det var Ella som vart utsett for havariet.

Ferda var rundt rekna 4 kilometer lang og båtane var innkjøpt på ein billigbutikk.

Ekspedisjonsdeltakarane tykte det var gøy sjølv om dei vart litt kalde og sette stor pris på den forfriskninga dei fekk etter målpassering på Sanden.

Bileta er teke ved Djupehølen

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

